

Jørgen Amdam

Utfordringar ved ny-regionalisering på Vestlandet, Noreg



HØGSKULEN I VOLDA



**MØREFORSKING
VOLDA**

2005

Forfattar	Jørgen Amdam
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Jørgen Amdam
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Paper til *Local Authority Planning in Change*, Ultuna-Upsala, Sverige, 18.–20. august

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.


Innhald

Innleiing	4
Hamskiftet etter krigen	5
Næringsutvikling	6
Framtredande regionaliseringsprosessar	10
Regionaliseringsprosessar	11
Ei etterindustriell framtid? Regional næringsutvikling på Vestlandet	12
Frå småskala industriregionar til dynamiske storstadregionar?	13
Sørvestlandet som dynamisk storbyregion?	14
Blomstrande sjølvutviklande urbanisert landsbygd i nordvest?	16
Dei reelle utkantane på Vestlandet	16
Spatiell (romleg) integrasjon eller maktkamp?	17
Polysentrisk storbyområde mellom Bergen og Stavanger?	18
Polysentrisk småbyområde i nordvest?	18
Samarbeid mellom bygdene på Vestlandet?.....	19
Regional organisering	20
Kjelder	22

Innleiing

Å vurdere framtida er ei utfordring, sjå derfor dette paperet som innspel for å provosere til debatt. Kva framtid er det vi ønskjer på Vestlandet og kvifor? Kva kan skje om vi ikkje greier å påverke utviklinga i ønskt retning? Kva bør vi gjere – og kven bør gjere kva? Spørsmåla er mange og det er ikkje vår intensjon å prøve og svare på dei – men heller å stimulere til fleire spørsmål og prosessar som kan gi betre svar enn det vi kan skissere her.

Bakgrunnen for arbeidet er Vestlandsrådet sitt arbeid med ny regional organisering på Vestlandet. I dette paperet vil vi prøve å oppsummere nokre trendar og utfordringar spesielt innan sysselsettingsutvikling og synleggjere nokre utfordringar og strategiar som vi meiner det bør arbeide vidare med.



Figur 1. Modell for planleggingsrelatert analyse

På figur 1 er presentert modellen som er lagt til grunn, der situasjon og utfordringar står sentralt i lag med den regionale evna til å møte desse med effektiv respons. Her vil vi forutsette at ein del slike makrotrendar er velkjende og i staden konsentrere oss om tre hovudfelt av utfordringar med spesielt fokus på Vestlandet:


- Næringsutvikling og sysselsetting som det er lagt mest vekt på her
- Samfunn og befolkningsutvikling
- Region og tettstadutvikling – kommunikasjonar og regionforstørring – offentlig maktstruktur

Denne drøftinga av utfordringar vil også omhandle slike overordna megatrendar og utfordringar. Til dømes vil vidare internasjonalisering og globalisering av næringslivet fungere annleis på Vestlandet enn i andre regionar i Noreg. Vestlandet har høgare industriverksemd enn andre regionar i Noreg og er sentral innan eksportverksemd som olje, fisk, skip m.m. Ein kan hevde at det meste av industrien og industriretta tenesteyting alt er internasjonalisert. Men denne internasjonale marknadstilpassinga skaper nye utfordringar som til dømes dei langsiktige følgjene av at industrien vert interessant oppkjøpsobjekt for nasjonale og internasjonale storkonsern.

Hamskiftet etter krigen

I ”Regionenes tilstand” oppsummerar Tor Selstad (2004) dagens struktur i Sør-Norge som på figur 2. I eit fugleperspektiv er vi i ferd med å få fire urbane hovudstrukturar i Sør-Noreg: Oslo med tilgrensande byar, bandbyområdet frå Stavanger til Bergen, Trondheim og småbyområdet i Møre og Romsdal.

I det postindustrielle samfunnet er det vesentlege utviklingsforskjellar mellom område som er integrert i arbeidsmarknadane til byar, og område som fell utanfor. Det meste av veksten i arbeidsplassar og befolkning skjer no i urbane område, medan dei fleste bygderegionar har stagnasjon eller tilbakegang, og slik også på Vestlandet.



Figur 2. Det urbane Sør-Norge. Lokale arbeidsmarknader med bysentra. Kjelde: Selstad m.fl. 2004.

Vestlandet er i ferd med å få ei klar tredeling med eit storbyområde i sør, eit byband som strekker seg frå Bergen i nord til Stavanger gjennom kommunikasjonsforbetring. I dei overlappende arbeidsmarknadane bur det snart 700.000, og 2/3 av arbeidsplassane på Vestlandet er lokalisert til denne sonen.


Også i nordvest er det eit byband som strekker seg frå Kristiansund i nord til Ørsta/Volda i sør, men dette har langt mindre økonomiske dimensjonar, mindre kraft til å overvinne avstandar gjennom kommunikasjonsforbetring og det er splitta kulturelt mellom Vestland og Trøndelag. Dette området har om lag 17% av arbeidsplassane på Vestlandet og mindre dynamikk.

Mellom og innanfor desse byregionane er $\frac{3}{4}$ av arealet, det eigentlege fjord-Vestlandet, prega av sjø, fjord og fjell – lite folk, langt mellom folk og langt frå folk og med under 1/5-del av arbeidsplassane og fortsatt tilbakegang. Området er delt inn i mange og små arbeidsmarknader på grunn av dei geografiske tilhøva, men også her er mange døme på vellukka satsing og positiv utvikling. Eit typisk trekk i alle regionane er ein høgare grad av industrisysselsetting enn i resten av landet og stor stabilitet i denne sysselsettinga i heile etterkrigsperioden, kombinert med aukande regional spesialisering (næringsklynger).

I 1942 skriv Inge Krokann (1982) om ”Det store hamskiftet i bondesamfunnet” frå 1860-talet og framover då moderne hestereiskap vart teken i bruk, nye kollektive organisasjonsformer, kommunikasjonsforbetringar m.m., og som førte til det moderne landbruket. Det eg vil omtale her, er sysselsettingsendringane på Vestlandet i ein ny hamskifteperiode som har gjort bygdene mest uavhengig av tradisjonelt jordbruk og i staden avhengig av velferdsstaten med sin lokale handlangar

”Velferdskommunen”. Dei næringsmessige skilnadene mellom by og land er mest viska ut, vi har fått den urbane bygda dominert av tenesteytande næringar – men på Vestlandet framleis med stor industriell produksjon. I motsetning til utkantregionar i andre delar av landet har bygdene på Vestlandet høg eigenverdiskaping og er på langt nær så avhengig av det offentlege økonomiske overføringssystemet som bygder i nord eller i innlandsnorge (Effektutvalet 2004, Onsager og Selstad 2004).


Næringsutvikling




Figur 3. Næringsutvikling i landet og på Vestlandet.

Figur 3 viser at totalt sett har Vestlandet hatt ei betre næringsutvikling enn landet, 46% vekst frå 1946 mot 31% for landet generelt. Figur 4 viser fordelinga mellom fire hovudgrupper av næringar på Vestlandet (tjukke strek) og resten av landet (tynne). Den interessante forskjellen mellom Vestlandet og resten av landet er knytt til sekundærnæringane og handel og transport, spesielt etter 1960. I 1960 var 37% av sysselsettinga knytt til sekundærnæringane både på Vestlandet og i resten av Noreg. Etter dette tidspunktet har sysselsettinga auka med 20.000 arbeidsplassar på Vestlandet, men minka i relativ betydning til 31% i 2001. I resten av Noreg har sekundærnæringane gått ned med snart 100.000 arbeidsplassar til ein andel på 23% i 2001. Motsatt har utviklinga vore innan handel og transport. I 1960 var relativ sysselsetting 25% i begge områda, men har halde seg om lag konstant i resten av landet, men gått ned til ein relativ andel på 21% på Vestlandet, likevel ein auke på 10.000 arbeidsplassar.


I dei to andre hovudgruppene av næringar har utviklinga vore meir lik: Primærnæringane er nede på 5% på Vestlandet i 2001 mot 3% i resten av Noreg frå eit nivå på respektive 29 og 32% i 1946. Innan offentleg og privat tenesteyting har Vestlandet heile tida ligge på eit nivå under resten av Noreg, respektive 18% og 15% i 1946, 50% og 43% i 2001. Ein vesentleg grunn til den sterkare sysselsetningsveksten på Vestlandet er nok at ein her har greidd å auke sysselsettinga innan sekundærnæringane samstundes som tilbakegangen i primærnæringane og veksten i tenestenæringane grovt sett har vore om lag som i resten av landet. Likevel bør det vere stort potensiale for vekst innan tenestenæringane. Samstundes er det store regionale forskjellar, sjå figur 5 for den ulike utviklinga på fylkesnivå.




Figur 4 Relativ sysselsetting på Vestlandet og resten av Noreg.



Figur 5 Sysselsettingsutvikling på Vestlandet, absolutte tal. 1946 til 2001.



Figur 6 Endring i næringsstruktur Sogn og Fjordane




Figur 7 Endring i Næringsstruktur Rogaland

Sogn og Fjordane har hatt tilnærma konstant sysselsetting, ein svak auke frå ca. 40.000 til ca. 43.000 i perioden. Spesielt har veksten vore liten frå 1990 til 2001 då tenesteekeeksjonen skaut fart i Noreg. Møre og Romsdal og Rogaland hadde om lag same sysselsetting i 1946, ca. 75.000 og 72.000, men Rogaland har hatt ei dramatisk meir positiv utvikling enn Møre og Romsdal – faktisk ei dobling mot berre ein vekst på 20.000 arbeidsplassar i Møre og Romsdal. Hordaland har hatt ein vekst på 47.000 arbeidsplassar, det aller meste dei siste 10 åra.

Dei strukturelle forholda betyr svært mykje, noko som er illustrert på figur 6 og 7 med dei to ytterpolane i endring; Sogn og Fjordane og Rogaland. Det er primærnæringane si betydning som er den aller viktigaste forskjellen for å forklare den ulike utviklinga. I 1946 var primærnæringane i Rogaland på om lag same storleiksnivå i sysselsetting som industri, handel og transport og anna tenesteyting. Sjølv om primærnæringane i denne perioden er redusert til 1/3, er dette meir enn kompensert med vekst i andre næringar, spesielt i offentleg og privat tenesteyting.

I Sogn og Fjordane var det i 1946 snart like mange sysselsette i primærnæringane som i Rogaland (23.000), men dette var meir enn alle andre næringar til saman. Frå 1946 til 2001 har fylket tapt snart 20.000 arbeidsplassar i primærnæringane, noko som tilsvarar veksten i alle dei andre næringane til saman. Endringsforløpa til dei andre næringane enn primærnæringa er ikkje så ulike i alle fire fylka – det er primærnæringane som representerer den store forskjellen mellom nord og sør. Det kan vere ei lita trøst at no er det berre att ca. 4000 arbeidsplassar i primærnæringane i Sogn og Fjordane og ca. 7000 i Møre og Romsdal, det er ikkje stort meir å tape. Veksten i offentleg og privat tenesteyting var til samanlikning på respektive 7000 og 14000 frå 1990 til 2001!



Figur 8 Regional sysselsettingsfordeling etter storleik på Vestlandet 1998, økonomiske regionar.

Framtredande regionaliseringsprosessar

Bildet som er teikna framanfor er av eit Vestland som har ulik utvikling i arbeidsplassar mellom sør og nord, mellom kyst og fjord, men spesielt mellom dei 8 etter kvart dominerande arbeidsregionane med over $\frac{3}{4}$ av arbeidsplassane og ca. $\frac{1}{4}$ av arealet (sjå figur 8). Spesielt framstår kystbeltet mellom Bergen og Stavanger som det heilt dominerande tyngdepunktet, etterfylgt av eit tilsvarande belte mellom Kristiansund og Ørsta/Volda.

I 1946 vart det i statistikken skild mellom by og bygd, noko ein tentativt kan samanhalde med skiljet mellom arbeidsregionar med over og under 10.000 arbeidsplassar i 2003. Medan dei urbane samfunna har meir enn tredobla sysselsettinga gjennom regionforstørring og arbeidsplasskaping, har dei rurale områda blitt meir enn halvert i talet arbeidsplassar (sjå tabell 1).

Inndelinga som er nytta av Tor Selstad (2004) på figur 8 er såkalla ABS-regionar (Arbeid, Bustad, Service) og som SSB kallar økonomiske regionar. Det er lagt vekt på pendlingsområde, men også mindre kommunar som ikkje er integrert i større arbeidsmarknader er tekne med i desse regionane fordi dei er avhengig av det nærliggande tettstadsområdet for service.

Når ein skal vurdere næringsstruktur og regional utvikling på Vestlandet bør ein imidlertid take omsyn til alle dei avsidesliggende kommunane som utgjør eigne arbeidsmarknader og som derfor berre har to strategiar for endring; sjølvutvikling eller integrasjon med større bu- og arbeidsmarknader gjennom kommunikasjonsforbetring som gjer dagpendling mogleg. Juvkam (2002) har i si inndeling av bu- og arbeidsmarknadsregionar (heretter kalla arbeidsregionar) i Noreg bygd på dei faktiske tilhøva i dei einskilde kommunane og utan å take omsyn til fylkesgrenser. Han finn då heile 41 arbeidsregionar på Vestlandet, 27 av desse har under 6000 arbeidsplassar i 2003 – den minste Utsira med berre 96.

Tabell 1. Sysselsettingsfordeling mellom urbane og rurale område på Vestlandet.

	1946	2003	Prosent endring
Rogaland by	35630	176915	397 %
Rogaland bygd	49287	13565	-72 %
Hordaland by	50701	185882	267 %
Hordaland bygd	76114	25320	-67 %
S&F by	721	10542	1362 %
S&F bygd	39467	42516	8 %
M&R by	16050	76141	374 %
M&R bygd	59220	36756	-38 %
Sum	327190	567637	73 %
By – Urban	103102	449480	336 %
Bygd - Rural	224088	118157	-47 %

Kjelde: SSB

Når ein ser nærare på sysselsettingsstrukturen i 2003 i dei ulike arbeidsregionane er det nokre slående trekk:

- Den relative sysselsettinga innan offentleg forvaltning og annan tenesteyting er om lag den same i alle regiontypar, om lag 36% både i storbyen og i mikroregionen. Det dette kan fortelje, er den utjamnande effekten som spesielt småkommunane som velferdsprodusentar har hatt i utkantstrøk. Meir detaljerte studiar vil nok vise at i storbyane er det relativt mindre direkte personretta tenesteyting (omsorg) og meir forskning/utdanning/administrasjon enn i utkant-regionar.
- Betydninga av primærnæringane er klart størst i dei små regionane, men sjølv i dei minste er den relative sysselsettinga på berre 18% i 2003. Sekundærnæringane (industri, bygg og anlegg, kraftforsyning m.m.) er faktisk større med 23%. Dette betyr at sjølv i dei minste og

mest avsidesliggende arbeidsregionane er den relative betydninga til primærnæringane i dag klart mindre enn sekundærnæringane og spesielt offentleg tenesteyting.

- Industrisysselettinga er klart høgst i dei mellomstore regionane og spesielt dei med mellom 5. og 10.000 sysselsette (24%). I dei større regionane er industrisysselettinga på ca. 17% om ein tek med oljeverksemd.
- Sysselettinga innan forretningsmessig tenesteyting og varehandel m.m. er relativt større dess større region. I storbyane ca. 28% mot ca. 14% i mikroregionane.
- Dei strukturelle ulikskapane i sysselettingsstruktur mellom sentrum og periferi er i dag langt mindre enn dei til dømes var mellom sør og nord i 1950, sjå figur 5 og 6. Spesielt er det den store offentlege tenestesysselettinga som har fungert utjamnande. Sett i forhold til fortsatt strukturendring i primærnæringane og kanskje også sekundærnæringane i utkantane er fallhøgda i dag mindre den var for 50 år sidan. Sjølv om veksten i totalsysseletting i dei vesentlege har kome i sør og i storbyregionane, har strukturendringane i næringslivet gjort at dei ulike regiontypane har vorte meir like kvarandre med omsyn til næringsstruktur – spesielt om ein ser endringane fram til 1990.
- Fylka er svært ulike med omsyn til arbeidsregionar. I Hordland og Rogaland er heilt dominert av dei respektive storbyområda og berre 3% av arbeidsplassane er i arbeidsregionar med mindre enn 5000 arbeidsplassar. Dei to fylka sett under eitt er 90% av sysselettinga i regionar med meir enn 10.000 arbeidsplassar – fylka kan med rette kallast storbyfylke i ein norsk samanheng. Sogn og Fjordane er eit typisk bygdefylke, berre ein arbeidsmarknad har meir enn 10.000 arbeidsplassar (Førde), over 40% av arbeidsplassane er i arbeidsregionar med mindre enn 5.000 arbeidsplassar. Møre og Romsdal er i ei mellomstilling med 2/3 av sysselettinga i dei tre byområda med mellom 10.000 og 40.000 arbeidsplassar. I tillegg er to arbeidsregionar (Ulstein og Volda/Ørsta) med til saman 18.000 arbeidsplassar i ferd med å verte integrert til ein ved hjelp av kommunikasjonsiltak.

Regionalisingsprosessar

Dei strukturelle trekka med tilhøyrande dynamikk illustrerer dei dominerande drivkreftene i desse endringsprosessane; kommunikasjonsendring, endring i næringsstruktur, regional spesialisering og internasjonal konkurranse:

Regionforstørring gjennom kommunikasjonsendring. Det framstillinga frammanfor viser, er at nokre arbeidsregionar har kome lenger i overgangen frå sjøtransport til landtransport enn andre og at dei store byane har hatt fortrinn i denne overgangen. Sjølv om det var mogleg å overvinne avstandar i 1960, viste Sandal (1977) at pendlingsområdet som regel var mindre enn faktisk mogleg reisetid på 45 minutt som til vanleg vert rekna som maksimal akseptabel reisetid ein veg ved dagpendling. Sjølv om det var mogleg, var det ofte ikkje praktisk med så lang pendling. Forbetringar i vegsystem, den store veksten i tal bilar der dei fleste familiar snart har til disposisjon to kvar, har radikalt endra arbeidsregionane spesielt kring dei store byane. Men som vist m.a. i Gammelsæter m.fl. (2004) og Amdam m.fl. (2000), dannar fjordar og fjell eit oppreve mønster på Vestlandet og arbeidsregionar som er klart mindre enn det luftlinjeavstand skulle tilseie. I motsetning til det meste av aust- og midt-Noreg er ikkje overgange frå båt til bil endå gjennomført i alle delar av Vestlandet. Nokre slike tunge prosessar er på gang. Spesielt gjeld dette kyststamvegen og prosessen med å gjere denne ferjefri. I endå større grad enn no vil dette gjere området konkurransedyktig og effektivt, men samtidig marginalisere resten av Vestlandet, spesielt fjordbygdene i sør om desse ikkje vert tettare knytt til kysten gjennom kommunikasjonsforbetring. I nord er tilsvarande prosessar i gang og som vil knyte saman Molde og Kristiansund og Ulstein med Ørsta/Volda, men her er Romsdalsfjorden og Storfjorden hinder for tettare integrasjon og heller ikkje har ein den sterke økonomiske krafta som framtidig integrasjonen i sør. Utanom desse to områda er bygdene; områda med lite folk, langt mellom folk og langt frå folk. Nokre område kan verte innlemma i dei urbane regionane gjennom kommunikasjonsforbetring, men som vist på figur 10 er mange av fjordbygdene så langt frå kysten og byane at fullverdig integrasjon er praktisk uråd. For desse områda vil byane ikkje kunne fungere som trekk-kraft, ofte snarare tvert i mot om ein ikkje greier å utvikle ein samfunnspolitikk som tek omsyn til dei spesielle utfordringane.

Endring i næringsstruktur. Regionutvidingsprosessane vert forsterka av endringane i næringsstruktur, spesielt den dramatiske reduksjonen i landbruket og den sterke veksten i tenestenæringar og som klart fremma by- og tettstadvekst. Veksten i dei store arbeidsregionane skaper marknadsgrunnlag for meir avanserte tenester som forsterkar veksten. I desse regionane skjedde nedgangen i primærnæringane så tidleg at denne strukturendringa i praksis har hatt lite å seie i etterkrigsperioden. I små arbeidsregionar har ein fram til i dag samstundes hatt sterk nedgang i primærnæringane og liten vekst i avanserte tenester utanom offentlege. Dette fører til forsterka forskjell i jobbskaping mellom urbane og rurale område. Samstundes er næringsstrukturen blitt meir lik i bygd og by. Som illustrert med utviklinga i Sogn og Fjordane, er det først etter 1990 at primærnæringane har kome ned på eit "stabil" lavt nivå slik at veksten i andre næringar fører til ein totalvekst i sysselsetting. Eit interessant fenomen er den store industrisektoren på Vestlandet som faktisk har auka i sysselsetting i heile etterkrigsperioden og i alle fylka. Rett nok var industrisysselsettinga på topp i 1970 (ca. 100.000 arbeidsplassar), men nedgangen er meir enn kompensert av veksten i oljeutvinning. Hordaland er einaste fylke med ein faktisk nedgang etter 1970, olje og industri sett under eitt.

Regional spesialisering, klynger. Ein tredje prosess er framtrekande innan industri. Medan til dømes fiskeriverksemd og foredling av spreidd over heile kysten på Vestlandet, er fiskeriverksemda no i hovudsak konsentrert til nokre få område med stor grad av spesialisering. Ålesund har blitt den dominerande eksportbyen i Noreg, Austevoll og Herøy er dominerande fiskarkommunar m.m. Tilsvarande tendensar kan ein også sjå innan fiskeoppdrett sjølv om krava til lokalisering av anlegg gir stor spreing av desse men svært få arbeidsplassar. Skipsbyggingverksemd er ei dominerande klynge på kysten av Nordvestlandet og med Ulsteinvik og Ålesund som senter. På Sørvestlandet er petroleumverksemd ei tilsvarande dominerande næringsklynge. I mindre arbeidsregionar ser ein tilsvarande spesialisering knytt til reiseliv, industri, høgskular m.m. Dette betyr også at utviklinga i vedkomande arbeidsregion er sterkare avhengig av utviklinga i bestemte bransjar og den relative konkurransekrafta regionen greier å utvikle i forhold til andre, som svært ofte er regionar i andre land.

Internasjonal konkurranse. Det stabiliserande elementet som mangesysleriet med base i småbruket synes i stor grad å vere vekke frå Vestlandet i dag, kanskje erstatta av ein stor offentlig sektor som stabilisator, men fortsatt er Vestlandet i høgste grad utekonkurrerte som før. Viktige næringar som fiskeri, oppdrett, energi, metall, petroleum, skipsbygging, foredlingsindustri, reiseliv m.m. er alle internasjonalt konkurrerte. Internasjonale utviklingstrekk slår derfor inn over Vestlandet temmeleg direkte som sykliske kriser og oppgangstider innan skipsbygging, oljeprisar, kursar m.m. Eit nytt trekk kan vere at ulik regional spesialisering fører til ulikskapar i utvikling, men det er vel heller ikkje noko nytt sidan til dømes silda sine gytevandringar var avgjerande for velstand eller fattigdom?

Ei etterindustriell framtid? Regional næringsutvikling på Vestlandet

Er det noko spesielt med Vestlandet? Følgjer ikkje næringsutviklinga her stort sett dei same store linjene som i andre område, "urbaniseringens ubønhørighet" (Rasmussen 1969) med sterk tilbakegang i produserande næringar og sterk vekst i tenesteytande næringar og med dette vekst i storbyområde og tilbakegang i periferien? Som vist frammanfor så er Vestlandet ikkje noko unntak, sjølv om området generelt sett har høgare industrisysselsetting enn resten av Noreg, noko som kan tolkast som at området heng etter i utviklinga. I denne fortolkinga er det berre eit tidsspørsmål før regionar dominert av industri får dei same omstillingsutfordringane som andre industriregionar i den vestlege verda etter å ha blitt utkonkurrert av nyindustrialiserte land. Sjølv den sterke oljerelaterte næringsverksemda i Stavangerområdet vil ein gong få slike omstillingsproblem (Selstad 2004).

Men Vestlandet er noko meir, dei mange regionane med særskilt næringsutvikling – det store mangfaldet i tilpassing og spesialisering. På same måten som Vestlandet er delt inn i regionar av hav, fjordar og fjell med sine særskilte situasjon og utfordringar, har kvar slik region funne sin særskilte veg. Som vist er det forskjell i utvikling mellom sør og nord og mellom kyst og fjord, men alle tradisjonelle identitetsregionar på Vestlandet har det sams at dei er organisert rundt eit fjordsystem. Fjorden var eit effektivt internt kommunikasjonssystem med god tilgang til internasjonal sjøfart. Ein region på Vestlandet var ikkje berre eit avgrensa landområde der ein måtte leve av det naturen kunne gi. Ein region på Vestlandet var hav, kyst, fjord og fjell med sine særskilte moglegheiter og stort sett med lik tilgang for alle. Om ein skal karakterisere Vestlandet både i nær fortid og notid, så er det med

ordet **mangesysleri** både på hushalds-, regions- og landsdelsnivå. Ein annan nærliggande karakterisering er **regional spesialisering**, og som ein i utgangspunktet skulle tru var vanskeleg å kombinere med mangesysleri.

Jan Evert Nilsson (1998) har i si gransking av utvikling i europeiske og amerikanske regionar delt desse i fire grupper i samsvar med figur 9. I tillegg har eg teke med landsbygd. Sjølv om Vestlandet utad kan framstå som ein relativt homogen landsdelsregion (Selstad 2004), er det interessante at ein i dette området finn eigne regionar som har karakteristika knytt til alle felt på figur 9. Ein grunn er at Vestlandet fortsatt er i overgang frå sjøbasert til landbasert integrasjon. Den uniformering av næringsliv som integrasjon i stadig større sams bu- og arbeidsmarknader har skapt til dømes rundt Oslo, har i mindre grad skjedd på Vestlandet. Eit anna karakteristisk trekk er at dei spesielle geografiske og naturmessige utfordringane til Vestlandet har vore og er annleis enn i andre landsdelar.

	Urban konsentrasjon	Romsleg småskala kluster - saman hoping
Trans aksjons- effektivitet og fleksibilitet	Storskala industriregionar	Småskala og fleksible industriregionar
Kunnskaps- og kompetanse-akkumulering	Diversifiserte storstadregionar	Urbanisert landsbygd
	Stagnerande landsbygd - primærnæring	

Figur 9. Ulike typar næringsregionar, bygd på Nilsson (1997)

Frå småskala industriregionar til dynamiske storstadregionar?

Ein regiontype og ei regional utvikling som mange peikar på som karakteristisk for i det minste delar av Vestlandet er det Nilsson (1997) kallar "Småskala företaksregioner", regionar prega av næringsliv med stor fleksibilitet og omstillingsevne i produksjon. Små seriar, arbeidsintensiv produksjon, små føretak som både samarbeider og konkurrerer, nær kontakt med marknaden, sjølvstendelivsform m.m. er karakteristiske trekk. Internasjonalt er det spesielt "Tredje Italia" som vert trekt fram og på Vestlandet Sunnmøre og Jæren (Asheim og Isaksen 1997). I industrisamanheng er dette også historia om forholdet mellom "verkstaden" og "fabrikken", mellom fransk og engelsk industrialisering (Wicken 1997). Det er samstundes forteljningane om "klynger" (Porter 1990), næringsstrukturar der aktørar med stor geografisk nærleik vert knytt saman og med ulike roller. Men det er også karakteristisk at slike strukturar er dynamiske og det er også regionar, det er ikkje gitt ein gong for alle at dynamiske regionar vil vere dynamiske i framtida, eller at småskala regionar vil forbli det – sjølv om Nilsson påpeikar samanhengen at regionar som er næringsdynamiske i dag i stor grad også var det tidlegare.

Ta til dømes "historia om Jæren" (Asheim og Isaksen 1997) der moderniseringa av jordbruket førte til behov for nye reiskapar. Smedar tok utfordringar og utvikla plogar m.m. som det viste seg å vere behov for også andre stadar. Smia vart til ein verkstad, men framleis i tett kontakt med dei som trong reiskapen. Etter kvart har andre nødvendige aktivitetar blitt utvikla, marknadane er utvida, nokre av føretaka har blitt meir dominerande enn andre m.m. men framleis med slike regionale nettverk og

integrasjon som Porter (1990) kallar ei regional klynge. Men dagens næringsstruktur på Jæren og i Stavangerområdet er ikkje berre prega av slik sjølvutvikla verksemd. Oljeverksemda er eit typisk døme på ei industrialisering og næringsutvikling etablert utanfrå, ei engelsk industrialisering men som tilsynelatande har teke opp i seg karakteristiske trekk frå området si historie. I staden for få og dominerande føretak, og dei store er der, er aktivisert ca. 600 føretak med til saman ca. 33.000 sysselsette i olje- og gassklynga i Rogaland (Steineke 2002). I ein norsk samanheng er Stavangerområdet i dag ein storskala industriregion og med stor grad av utanlandsk eigarskap, men fortsatt med mange av dei karakteristiske trekka til ein småskala og fleksibel industriregion – dei mange små og mellomstore føretaka som leverer varer og tenester som lett kan omstillast til andre verksemdsområde og nye marknader.

Medan sjølvutviklinga knytt til jordbruk (Jæren) og fiske (Sunnmøre), som det også er mange liknande historier knytt til på heile Vestlandet, er prega av ressursar som kunne bli meir tilgjengelege ved å bruke ny teknologi (forbrenningsmotoren, elektrisitet m.m.), er møbelkjeda på Sunnmøre døme på sjølvutvikling utan anna ressursgrunnlag enn eiga arbeidskraft. Kva gjer ein om ein ikkje har råd til eller det ikkje er mogleg å få seg gard, lønna arbeid, utvandre eller andre tilpassingar – jau ein startar med småskapa handverksproduksjon som smed, som skreddar, som møbelsnikkar, som tønneprodusent, som ferdighusprodusent eller med anna verksemd som det kan vere ein regional merknad for. På heile Vestlandet var det karakteristisk med slike etableringar etter første verdskrig då emigrasjonen til USA stoppa opp – og spesielt i fjordområda der den tradisjonelle kombinasjonen av jordbruk og sesongfiske vart mindre aktuelt på grunn av moderniseringa av både jordbruket og fiskeria.

Ei oppfatning om industrialisering er ”dei lange bølger” knytt til Schumpeter og Kondratiev (Selstad 2004). Tekstilrevolusjonen var den første og med små konsekvensar for Vestlandet unnateke i Bergensområdet. Damprevolusjonen, den andre, revolusjonerte etter kvart det sjøretta transportsystemet internt og eksternt Vestlandet, men det var først den tredje, prosessrevolusjonen, som skapte industriell utvikling. I tillegg til dei einsidige industristadane, var det spesielt forbrenningsmotoren og elektrisiteten som rimelege og enkle energikjelder til havs og til lands som danna grunnlag for den sjølvutvikla industrireiseinga langs heile kysten – og industrien har i stor grad ”hengt igjen” i den tredje fasen med sær eigen tilpassing. Fordistisk masseproduksjon til ein stadig aukande konsummarknad og som er knytt til den fjerde bølga, har i mindre grad prega næringsutviklinga unnateke som produksjonsprinsipp ved modernisering av verksemdar med røter i den tredje fasen som tilløp til samleband og robotar i møbel- og anna vareproduksjon. Innan dominerande produksjon som fisk, gass, olje, metall er det typiske trekket at vi fortsatt er råvareleverandørar, fordistisk prega foredling føregår i hovudsak i mottakarland og i aukande grad i nyindustrialiserte land. Våre ”storskala industriregionar” er i hovudsak små ”einsidige industristadar” etablert på kommunikasjonsmessig vanskelege stadar på grunn av høge transportkostnader for energi, stadar som no har betydelege omstillingsutfordringar som andre storskala industriregionar.

Mange meiner vi no er inne i den femte bølga knytt til informasjonsteknologi og/eller bioteknologi og med basis human kapital dvs. forskning, utdanning og kunnskap. Generelt er dette verksemd som krev eit høgt og spesialisert kunnskapsnivå og sannsynlegvis vert dei regionar vinnarar som ikkje er tynga av etablerte strukturar, klasseforskjellar og tradisjonar (Nilsson 1997). Ein påstand er at regionar som var vinnarar i førre bølge sjeldan er vinnarar i neste, med eitt unntak – dei diversifiserte storstadregionane som gjennom sin storleik, mangfald og dynamiske kunnskapsmiljø har lettare for å omstille seg til nye utfordringar enn andre regionar. Det fører oss over til den nedre delen på figur 9, regiontypane som byggjer på effektiv kunnskapsproduksjon – dei dynamiske storstadregionane og urbanisert landsbygd – er dette framtida også på Vestlandet?

Sørvestlandet som dynamisk storbyregion?

Vestlandet har ingen storstadar eller region i dag av typen Boston, spørsmålet er om vi kan få det i framtida? Bergen er ansett for å ha eit godt studentmiljø, men i stor grad fungerer utdanningane som ein ”utdanningsstasjon” for evnerik ungdom frå Vestlandet på vegen frå heimstaden til arbeid i Oslo. Trass mange utdanningstilbod hadde Hordaland ein dekningsgrad i studieplassar i år 2000 som berre er 35% høgare enn talet studerande frå fylket, mot til dømes 105% i Oslo og 93% i Sør-Trøndelag.

Vestlandet hadde faktisk samla sett ei underdekning på snart 5000 studieplassar, eller 10%. Rogaland med si sterke høgskule- og universitetssatsing dei siste åra hadde ei underdekning på 5.400 studieplassar i år 2000, mot snart 1900 i Sogn og Fjordane og 4.400 i Møre og Romsdal (Selstad 2004).

Tilsvarande er tilhøva for lokalisering av velutdanna. Medan Oslo var på topp med snart 38% med høgare utdanning i vaksnebefolkninga og 29% i Akershus i 2001, var Hordaland berre litt over landsgjennomsnittet (23%) med 23,7% og dei tre andre fylka klart under med Rogaland 21,5%, Sogn og Fjordane 18,4% og Møre og Romsdal 18%. Endå større skeivfordeling er det innan fordeling av forskingsmidlar. Hordaland har berre ca. 1/2 og Rogaland berre ca. 1/4 av forskingsinnsatsen målt pr. innbyggjar som Oslo og Sør-Trøndelag og dei to andre fylka endå mindre (1/6). Om ein skal gå etter kriteria til Nilsson er det berre Oslo-området som kan kallast ein dynamisk storstadregion, berre der er det stor tilgang på velutdanna ungdom og ein storleik som kan gjere slik dynamikk mogleg i dag – og som vi i høg grad har sett dei siste 10 til 15 åra.

Om ein på Vestlandet skal utvikle eit område som kan konkurrere med Oslo-området og spesielt med internasjonale storbyregionar, er truleg både Bergen og Stavanger for små. Berre ved å knyte dei saman i eit sams kompetanse- og næringsmiljø vil det vere mogleg å konkurrere på lang sikt. Men dette krev to hovudtiltak: regionforstørring og kompetansesatsing.

Regionforstørring er eit av dei viktigaste virkemidlane innan regionalt utviklingsarbeid. Empirisk veit ein at ein stor bu- og arbeidsmarknadsregion lettare greier å utvikle servicenæringar enn små. Spesielt om ein greier å knyte saman store regionar, vil dette gi store og nye moglegheiter spesielt innan spesialisert tenesteyting. Gjennom kommunikasjonsforbetringar er det mogleg å korte ned reisetida mellom Bergen og Stavanger, truleg ned mot 2 timar mellom dei to sentera. Dette vil ikkje skape ein sams bu- og arbeidsmarknad, men fleire overlappende i eit rimeleg tett folkesett polysentrisk område der det er mogleg å busette seg og kunne ha tilgang til eit stort mangfald av arbeid og service. Gjennom bevisst kommunikasjonsforbetring og tilrettelegging kan ein utvikle samanhengande polysentrisk storbyområde med tre senter; Bergen, Haugesund og Stavanger – kvar med sine særne kompetansefelt og med opp mot 700.000 innbyggjarar. Tilsvarande potensiale for endring finst ikkje andre stadar i Noreg; både kring Oslo og Trondheim er det kommunikasjonsmessige potensialet alt i hovudsak henta ut.

Kompetanseheving er det andre kjerneområdet i ei satsing for å gjere området meir dynamisk. Det er ca. 46.000 studentar på Vestlandet. Det burde vore 5000 meir for å vere sjølvforsynt med studietilbod. Med tilsvarande dekningsgrad som i Oslo vill det vere over 90.000 studentar på Vestlandet. Berre ringvirkningane av omsetningsauke dette ville skape tilsvarer truleg mellom 5 – 10.000 arbeidsplassar. Men langt viktigare er dynamikken om ein kunne skape maksimal bulyst og identitet til området, også frå dei som nødvendigvis måtte kome utanfrå for å studere.

Medan vi i Noreg fortsatt er inne i ei urbaniseringsperiode, har ein i høgurbaniserte land aukande mobilitet frå storbyområde til nærliggande landsbygd, spesielt innan 2 til 3 timers reiseavstand frå storbyområde. Motiva er komplekse, men ei stor gruppe er velutdanna familiar som kan take med seg eige arbeid eller kan gjere seg uavhengig av dagpendling til jobb. Ei aukande erkjenning er også at om dei høgt kvalifiserte ikkje flyttar dit det finst slikt arbeid, så vil arbeidsplassane flytte til dei kompetente eller dei opprettar sin eigen arbeidsplass. Med det er ikkje alle område som er like attraktive. Nilsson (1997) peikar på område som har attraktivt landskap og kultur, landleg preg, god tilgang på areal og natur, rimeleg gode kommunikasjonar m.m. – og spesielt gode kompetansmiljø som til dømes East-Anglia i England med Cambridge i sentrum.

På Vestlandet er det områda kring Bergen og Stavanger og spesielt kystsona mellom desse to som har dei beste vilkåra for ei slik utvikling – og som langt på veg er i ferd med å få det. Ei vidare bevisst satsing på kommunikasjonsforbetring og kompetansesatsing vil forbetre vilkåra i vesentleg grad. Spesielt om ein kan greie å knyte saman ny kunnskapsverksemd med dei eksisterande fleksible og dynamiske småskalatradisjonane som ein finn i dette området, bør ei slik satsing kunne gi eit dynamisk løft og som vi har sett har fungert i Stavangerområdet.

Spesielt interessant er dette området knytt til det mange reknar so ei viktig vekstnæring framover, bioteknologi i alle ulike former. Kompetansmessig har dei to universiteta og høgskulane i området gode vilkår for bevisst satsing spesielt retta mot det marine området. Næringslivet i både Hordaland og

Rogaland har lange tradisjonar for ulike former for biologisk baserte produksjonar og god tilgang på råvarer frå plankton og fisk til gass og olje bør kunne danne grunnlag for nye verksemdar etter kvart som petroleumbasert utvinningsverksemd truleg flyttar nordover.

Blomstrande sjølvutviklande urbanisert landsbygd i nordvest?

Kva så med Nordvestlandet – er dette ei stagnerande landsbygd med eit litt meir dynamiske småby- miljø kring Ålesund og Molde? Det er freistande å svare ja, i det minste vil ein lett få ei utvikling i denne retninga utan samla satsing. Medan det typiske på Sørvestlandet er store byar som gjennom kommunikasjonsforbetring stadig knyter eit relativt dynamisk omland til seg, er vilkåra for ei slik utvikling langt dårlegare på Nordvestlandet. Byane er små og dei geografiske tilhøva gjer det vanskeleg å utvide eksisterande bu- og arbeidsmarknader utan svært store investeringar til fjord- kryssingar m.m.

Medan Sørvestlandet har fått relativ stor veks i sysselsettinga innan tenestenæringar dei seinare åra, vesentleg fordi folketalet i regionane er rimeleg stort og kommunikasjonane er relativt gode, er desse vilkåra ikkje til stades på Nordvestlandet. I lag med avsides område på Sørvestlandet mellom dei mest "utilgjengelege" regionane i Sør-Noreg, sjå Selstad (2004). Mange tilsvarande regionar har vorte "rentenistar", berre ein liten del av dei økonomiske midlane er skapt gjennom eigenproduksjon, dei viktigaste inntektskjeldene er overføringar gjennom trygdesystem, kommuneøkonomi m.m. (Effektutvalget NOU 2004:3, Onsager og Selstad 2004), men dette er ikkje tilfelle på Nordvestlandet generelt sett.

Det typiske for store delar av Vestlandet og spesielt i mange utkantsamfunna er at kommunikasjons- endringa frå sjø til ved ikkje er fullført. Men potensialet knytt til næringsvekst er langt mindre på Nordvestlandet enn i sørvest. Dels skuldast det at regionane er små i folketal og store i areal, dels at investeringsbehova er svært store. Til vanleg reknar ein med at reisetid med bil må under 45 minutt ein veg og at økonomiske barrierar som særskilte avgifter m.m. ikkje er for høge før ein kan få ein fullgod integrasjon.

Det bildet som kan teikne seg gjennom slike endringar er større og truleg meir vekstkraftige regionar i eit kystbelte frå Kristiansund i nord til Ulsteinvik, Ørsta/Volda og Indre Nordfjord i sør, i realiteten ei utviding av vekstregionane rundt Molde og Ålesund. I tillegg ein vidare integrasjon mellom Førde og Florø, området med størst vekstkraft i Sogn og Fjordane. Likevel er det lite sannsynleg at desse områda vil få same vekstkraft frå slike strukturendringar som dei som vil kunne kome i sørvest gjennom kommunikasjonsforbetringar der. Skal ein sikre vidare eigenutvikling må det skje ved vidare auke av verdiskaping innan tenesteyting og vareproduksjon. Som viktige tyngepunkta innan marin og maritim verksemd vil det vere nærliggande tenke seg at ei vidare utvikling og konkurransestyrking her vil vere ein viktig strategi, i lag med vidareutvikling av produkt og kompetanse innan kjente felt.

Dei reelle utkantane på Vestlandet

Langt verre er det i utkantområde som ligg utanfor rimeleg reisetid frå større regionar og der slik regionutviding ikkje er fysisk mogleg. Kva kan skje framover i område som Sunndal, Surnadal, Rauma, Indre Storfjord, områda rundt Stadt og Måløy, Årdal, Ytre Sogn, Voss og Odda? Mange av desse er prega av einsidige industristader med sine spesielle omstillingsproblem. Andre er sterkt prega av primærnæringar med tilhøyrande foredling. Eit anna typisk trekk er at dette er område med stort areal og lite befolkning, det skal faktisk ikkje så mykje til for å skape store endringar i nærings- utvikling. Og i dag synes slike endringar vesentleg å vere knytt til tre strategiar; erstatningsproduksjon, reiseliv og "omsorg".

Nilsson (1997) peikar på at i industriregionar synes erstatningsproduksjon å vere det mest effektive på kort sikt for å unngå drastisk nedbygging. Dels skuldast dette kultur, det er vanskeleg å omstille lønns- mottakarar til entreprenørar eller sjølvsyssette – alternativa er ofte trygding eller flytting. Reell omstilling tek ofte generasjonar. Men erstatningsproduksjon treng ikkje å vere lik den gamle. I mange slike vellukka omstillingsprosessar i mannsdominerte industrisamfunn er det kvinnene som er attraktive som arbeidskraft i ny verksemd innan alt frå høgteknologi, telefonsal, databaseverksemd til reiseliv og omsorg.

Reiseliv vert av mange sett på som ei framtidsmoglegheit i område som desse, men i tilfelle må ein tilrettelegge for lengre sesong enn den korte sommarsesongen som er vanleg i dag. Men det kan også by seg andre moglegheiter. I dag er den reelle pensjonsalderen i Noreg rundt 57 år. Fram mot 2050 reknar SSB med at andelen over 60 vil meir enn doblast. I høgt urbaniserte land har ein ei netto-utflytting frå storbyar til meir rurale strøk. Ikkje berre er det vekst i nærområda som tidlegare er kalla urbanisert landsbygd, men også til meir fjerntliggande område (Selstad 2004). I Noreg har vi i realiteten ei stor utflytting til ferieområde som Spania og Thailand. Kva om ein greidde å vende slike straumar til dei reelle utkantområda på Vestlandet, område som i dag har mellom dei beste omsorgs-tilboda i landet, godt klima, høg samfunnssikkerheit m.m. og rimeleg reisetid til meir urbane område. Er det omsorgsproduksjon som vert den nye vekstnæringa her? Kva område som er attraktive kan ein truleg alt sjå for der er nye landsbyar etablert, landsbyar med campingvogner med spikartelt. Når får vi den første "eldrelandsbyane" etter amerikansk mønster i Hardanger? Kan vi utvikle ein "norsk form" for eldrelandsbyar ved å vidareutvikle tettstadar som Utne, Vik i Sogn, Voss, Høyanger, Surnadal?

Likevel er faktisk vilkåra kanskje betre i dag for stabilisering og vekst i desse områda enn før fordi ein frametter ikkje vil ha den dramatiske nedgangen i primærnæringane som til no. Hovudutfordringane vil bli å halde på og vidareutvikle sekundærnæringane samstundes som ein utviklar tenesteytingar og opplevingar som er attraktive både for fastbuande og tilreisande.

Spatiell (romleg) integrasjon eller maktkamp?

Analysen framanfor viser at vi kan dele dei fire vestlandsfylka i tre tilnærma homogene område med omsyn til utfordringar, sjå figur 10. Der er teikna inn kva kommunar (kommunesenter) som var innan 45 minutt reiseavstand i 1960 (bygd på potensielt pendlingsomland 1960, Myklebost og Sandal 1977) og dei store arbeidsregionane til Juvkam (2002). Det begge illustrerer er at byregionane "breier seg" med tida på grunn av kommunikasjonsendring.

Dei 8 regionane som er innteikna på figur 10, er dei som hadde minst 10.000 arbeidsplassar i 2003 og omfattar alle kommunar som hadde minst 5% innpendling til senteret. For å markere situasjonen i 1960 er dei av dagens kommunar som var integrert i senteret sin arbeidsmarknad då markert med svart. Sidan Myklebost og Sandal (1977) nytta ei anna geografisk inndeling enn kommunegrenser er denne markeringa gjort på skjønn, likevel synleggjer figur 10 den kolossale utbreiinga arbeidsmarknadane har fått rundt dei store byane. Dei skraverter felte på figur 10 inneheld i dag (2003) 79% av arbeidsplassane på Vestlandet! Spesielt er konsentrasjonen stor på aksen mellom Bergen og Stavanger der dei store arbeidsregionane utgjer eit "overlappende" band og som blir kontinuerleg meir integrert gjennom kommunikasjonsforbetringar, spesielt den planlagde fergefrie kyststamvegen. I desse 4 samanhengande arbeidsregionane er 64% av arbeidsplassane på Vestlandet og det aller meste (ca. 90%) av arbeidsplassane i Rogaland og Hordaland. Oljerelatert verksemd har blitt stadig meir dominerande som drivkraft i næringslivet og spesielt id ei to store byområda.

I Møre og Romsdal er det ein tilsvarande kystakse mellom Kristiansund i nord og Ålesund og som etter kvart (2007) også vil omfatte den integrerte arbeidsregionen Ulstein + Ørsta/Volda og då med til saman 17% av arbeidsplassane på Vestlandet, 94.000 arbeidsplassar eller 83% av alle arbeidsplassar i Møre og Romsdal. Dette næringslivet er dominert av marin- og maritim verksemd og skipsbygging til oljeverksemd.

I desse to byområda markert med sirkelar på figur 10 foregår det ein spatiell eller romleg integrasjon som er karakterisert slik av Cornett i Bengs (2002):

- The development of specific geographically defined systems of production such as industrial districts, clusters of industries, or systems of innovation.
- A system of urban networks defined according to specific functional links.
- The availability of a relevant regional infrastructure linking the analysed areas together.
- Last but not least, the intensity of intra-regional flows relative to outside flows can be considered the "conditio sine non quo" when we talk of a spatially integrated area.

I denne oppsummeringa av pågåande romlige integrasjonsprosessar er også integrert perspektiva om polysentrisk byutvikling og -samarbeid som ikkje er uproblematisk på Vestlandet. Endringar i næringsstruktur og kommunikasjonsendringar vil føre til at dei store regionane blir mektigare økonomisk og politisk. Alt no er over 1/2 av arbeidsplassane på Vestlandet lokalisert til Bergen- og Stavanger-regionane og det er desse to regionane som har sterkast vekst ved både å bli større i utstrekning og vekst i arbeidsplassar. Kommunikasjonsendringar vil også føre til at byområde "smeltar saman". På lengre sikt vil dette kunne føre til betydeleg polarisering på Vestlandet. Er vilkåra til stades for integrasjon innan og mellom dei tre områda som Vestlandet kan delast i?

Polysentrisk storbyområde mellom Bergen og Stavanger?

Området har snart 2/3 av arbeidsplassane og befolkninga på Vestlandet. Samla sett har området stort mangfald i næringar og mange av trekka som karakteriserer dynamiske regionar. Området har hatt ei sær positiv utvikling i etterkrigsperioden spesielt knytt til industrisysselsetting og oljerelatert verksemd. På grunn av dei vanskelege interne kommunikasjonane må området likevel kallast eit potensielt storbyområde, det er ikkje ein storbyregion i dag. Sjølv om arbeidsregionane er delvis overlappende er det 4 klart avgrensbare slike med lite arbeidsreiser på tvers. Berre ved fergefrie fjordkryssingar og vesentleg heving av standard til vegnettet og andre kommunikasjonar vil det vere mogleg å få til ein integrasjon som tilsvarar den ein finn i Oslo-området.

Sjølv om området no har to universitet, er verksemd innan høgare utdanning og forskning på eit langt lavare nivå enn i Oslo-området og Trondheimsområdet. Paradokset er at området har dei mest avanserte produksjonsmiljøa i Noreg, medan tilhøyrande offentleg og privat forskings- og utviklingsverksemd er lokalisert utanom området. Skal ein råde bot med desse hovudutfordringane må regionen aktivt konkurrere med spesielt Oslo-området og Trondheimsområdet om offentlege kommunikasjons- og forskingsmidlar og det er det usannsynleg at ein kan oppnå utan eit sterkt sams politisk organ som kan kjempe for Vestlandet mot andre regionar om nasjonale budsjett. Samstundes bør denne konkurransen gjerast på måtar som ikkje fører til konkurransevriding i forhold til dei to andre hovudområda på Vestlandet.

Om ein på Vestlandet skal utvikle eit område som kan konkurrere med Oslo-området og spesielt med internasjonale storbyregionar, er både Bergen og Stavanger for små, berre ved å knyte dei saman i eit sams kompetanse- og næringsmiljø vil det vere mogleg å konkurrere på lang sikt. Med bevisst satsing på mellom anna kommunikasjonar og kompetanse bør dette området kunne vedlikehalde den store vekstkrafta det har hatt i etterkrigsperioden og innan stadig nye næringsfelt.

Utvikling av storbyområdet i sør er ikkje problemfritt. Frå gamalt av har Bergen og Stavanger vore konkurrentar. Like eins er det ikkje ubetydelege motsetningsforhold mellom dei sentrale byområda og omlandet som vil bli stadig meir dominert av pendling og "bynærings". Ein livskraftig storbypolitikk i internasjonal konkurranse vil krevje at tidlegare motpolar greier å samarbeid om utvikling av kommunikasjonar, kompetanse og nye næringar til å bli ein dynamisk næringsregion i internasjonal samanheng. Det vil også krevje ei sams politisk leiing som i partnerskap med næringsliv og andre organisasjonar greier å bygge politisk makt til å realisere dei store og viktige integrerande infrastruktur- og kompetansetiltaka som er nødvendige.

Polysentrisk småbyområde i nordvest?

Området har knappe 1/5 av arbeidsplassane og befolkninga på Vestlandet og fem arbeidsregionar som etter kvart blir 4 med Eiksund-sambandet i 2007. Området er dominerande i Noreg innan marin og maritim verksemd og innan møbelproduksjon, men har også mange stagnasjonstendensar som store utfordringar med å halde på og rekruttere høgt utdanna. I endå større grad enn byområdet i sør gjer vanskelege kommunikasjonar at ein ikkje greier å utvikle ein polysentrisk og arbeidsdelande bystruktur og som kan gi grunnlag for avansert tenesteyting til føretak og hushald. Lite forskings- og utviklingsverksemd tilpassa til det dominerande næringslivet gjer at det kan verte svært vanskeleg på sikt å vedlikehalde og vidareutvikle dei dominerande klyngene i stadig aukande internasjonal konkurranse. Utfordringane er mykje lik dei ein ser i sør, men ein treng endå sterkare medisin for i sør er det betydelege vekstimpulsar uansett samanlikna med i byområda i nord.

Medan Sørvestlandet har fått relativ stor veks i sysselsettinga innan tenestenæringar dei seinare åra, er desse vilkåra ikkje til stades på Nordvestlandet. Nordvestlandet mellom dei mest "utilgjengelege" regionane i Sør-Noreg, sjå Selstad (2004). Mange tilsvarande regionar har vorte "rentenistar", berre ein liten del av dei økonomiske midlane er skapt gjennom eigenproduksjon. Dei viktigaste inntektskjeldene er overføringar gjennom trygdesystem, kommuneøkonomi m.m. (Effektutvalget NOU 2004:3, Onsager og Selstad 2004), men dette er ikkje tilfelle på Nordvestlandet generelt sett. Om området skal ha fortsatt vekst krev det endå sterkare satsing på kommunikasjonar, kompetanse og ikkje minst utvikling av nye aktivitetar og næringar som byggjer på tradisjon, natur- og kunnskapsgrunnlag.

Kan dynamikk i sør "smitte" til nordvest? Storbyområdet i sørvest omfattar trass alt berre ¼ av Vestlandet og dei reelle kommunikasjonsavstandane frå nordvest er nesten like i forhold til Oslo eller Trondheim som til Bergen. Som vist framanfor er Oslo dominerande innan serviceyting til Nordvestlandet, ikkje Bergen eller Stavanger. Det er derfor svært lite som tyder på at utvikling av eit storbyområde i sørvest vil ha særleg positiv påvirkning nord om Sognefjorden. I staden vil det vere slik at store delar av Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal blir dominert, med varierende styrke, av dei tre storbyområda Oslo, Trondheim og Bergen/Stavanger. Den vidare polariseringa på Vestlandet kan faktisk føre til ei klarare todeling mellom storbyområdet i sør og resten. Samstundes er ikkje "restvestlandet" eit homogent område. Avstandar og samfunnsstruktur gjer at området er oppdelt i mange og små regionar og med ulike interesser. Sjølv med sterk alliansebygging er det sannsynleg at den økonomiske og politiske makta til dette området vil verte betydeleg mindre i framtida og spesielt om det skjer ei sterk alliansebygging i det potensielle storbyområdet i sørvest. Samstundes kan utfordringane i "restvestlandet" vere ulike mellom småbyområdet i nordvest og småsamfunna.

Utanom visse næringsøkonomiske og kulturelle band sørover, er det lite som taler for at dette småbyområdet skal vere tettare integrert med storbyområdet i sørvest enn med Oslo-området eller Trondheim. Området må sjølv bygge makt og take ansvar for eigenutvikling, noko som vil krevje betydelege endringar i arbeidsmåtar og haldningar. Denne polysentriske strategien føreset integrasjon av dei fire småbyområda i Møre og Romsdal fylke, eit område prega av politisk dragkamp mellom nord og sør, mellom kyst og fjord og mellom by og land. Sør delen høyrer kulturelt og næringsmessig tett saman med resten av Vestlandet, medan nordre del er like sterkt knytt nordover til Trondheim. Samstundes vil vidare integrasjon krevje gigantiske kommunikasjonsinvesteringar for å krysse breie og djupe fjordar. Med mykje mindre befolkningsgrunnlag enn i sørvest er det langt mindre sannsynleg at ein får til ein spatiell integrasjon i dette området, mellom anna fordi det vil verte vanskeleg å nå fram politisk med store investeringar i kamp med storbyområde og full bomfinansiering er urealistisk. Endå verre kan det vere å få til ei kulturell og politisk integrering som fører til reell maktbygging i forhold til andre område. Området har faktisk ei eksisterande sams politisk og administrativ eining i fylkeskommunen, men brukar den ikkje i særleg grad.

Samarbeid mellom bygdene på Vestlandet?

Mellom dei to byområda og inne i fjordane er over ¾ av Vestlandet prega av svært oppdelte arbeidsregionar, til saman heile 32 arbeidsregionar og berre ein (Førde) med meir enn 10.000 arbeidsplassar i 2003. Området har klart under 1/5 av befolkninga og sysselsettinga til Vestlandet. Til no har utviklinga i desse områda vore sterkt prega av nedgang i primærnæringane og relativt liten vekst i tenesteyting utanom velferdskommunen. Fleire av arbeidsregionane er også einsidige industristadar og med store utfordringar knytt til effektivisering og nedlegging. Men det er store forskjellar i utvikling mellom om lag like regionar. Sysselsettinga innan primærnæringane er no komen ned på eit så lavt nivå at vidare tilbakegang ikkje vil føre til dei store tilbakeslaga unnateke i dei aller minste regionane (sjå figur 4). Ein ser også at regionar som Førde der ein har greidd å utvide arbeidsregionen til å omfatte mange grannkommunar gjennom kommunikasjonsforbetring kombinert med satsing på offentlege og private tenester, har ein betydeleg vekst samanlikna med andre arbeidsregionar. Regionforstørring gjennom kommunikasjonsforbetring er derfor ein svært viktig strategi framover i kombinasjon med desentralisering og eigenutvikling av næringsliv og offentlege arbeidsplassar. I dei mest isolerte regionane er imidlertid berre erstatningsarbeidsplassar mogleg strategi om ein skal oppretthalde næringsliv og busetnad.

Ein strategi kan vere å knytte utkantområda tettare saman med det potensielle storbyområdet i sørvest, og til ein viss grad er dette tilfelle i form av at ein del bur i bygdene og arbeider innan næringar som tilrettelegg for lange arbeidsreiser (oljeveksemd m.m.). Likevel er avstandane så store frå småsamfunnregionane i Sogn og Fjordane og indre fjordar til dei to byområda at bygdene i realiteten må ta ansvar for å utvikle seg sjølv.

Regional organisering

Hovudutfordringa for ein politisk Vestlandsregion vil bli å gjere sannsynleg at den kan handtere desse utfordringane betre enn kombinasjonen av styringsverket i Oslo og dei fire fylka. Tilleggsutfordringar er at Vestlandet i ein norsk samanheng er:

- a) ekstremt internasjonalt konkurrerande på grunn av viktigheita til sekundærnæringane inklusive oljeveksemd,
- b) samstundes har store interne nasjonale konkurranseutfordringar knytt til offentlege midlar innan spesielt samferdsel og FoU og
- c) store fordelingsutfordringar mellom og innan dei tre områda definert ovanfor.


I scenarioarbeidet i Amdam (2000) peika eg på at ein mogleg strategi ville vere å få større kontroll over dei offentlege oljeinntektene og så nytte desse til å møte utfordringane. Sjølv om dette kan vere vanskeleg å få til nasjonalt, er det kanskje den einaste måten som regionen kan bygge tilstrekkeleg makt til å møte utfordringane ovanfor og dermed få legitimitet som politisk maktorgan.

Ei anna hovudutfordring er knytt til den klare delinga mellom storbyområdet i sør, småbyområdet i nord og utkantområda i mellom – spesielt Sogn og Fjordane. Ei vidare regional satsing vil krevje ein polysentrisk bypolitikk både i sør og i nord – utvikling av ei realistisk arbeidsdeling mellom sentera som gjer at dei både innad og utad framstår som samarbeidande einingar. Det er nok store motsetningsforhold her og som må overvinnast som at småbyområda nord om Romsdalsfjorden er vendt nordover og at det lett kan vere store interessemotsetningar mellom til dømes Bergen og Stavanger. På grunn av dei vanskelege kommunikasjonane og oppdelinga i arbeidsregionar er områda konkurranter både internt og eksternt, først når arbeidsmarknadane er mykje tettare integrert vil ein ha eit ”skjebnefellesskap”.

Samstundes har utkantområda svært mange sams utfordringar og som krev eit aktivt samarbeid med byområda både i sør og i nord. Ei politisk deling av byområda både i sør og i nord vil vere negativt sett ut frå dei sams utfordringane og fellesskapa som det er mogleg å utvikle gjennom kommunikasjonsmessig integrasjon og som Kristiansund og Molde kan utvikle gjensidig seg i mellom og med Ålesund – men neppe med Trondheim. Ei splitting mellom sør og nord langs t.d. Sognefjorden vil på tilsvarande måte dele utkantområda på Vestlandet som har eit utstrakt skjebnefellesskap.

Om ein kan utvikle gjensidig solidaritet innan og mellom sør og nord, by og bygd, kyst og fjord så bør etter mi vurdering heile Vestlandet med dei eksisterande fylkesgrensene vere ei sams politisk eining. Likevel er det mange hinder for at ei slik eining skal bli handlingsdyktig. Området har til dømes ikkje noko klart senter – derimot konkurrerande senter og senterstrukturar og som lett kan føre til at indre maktkamp øydelegg for sams maktbygging. Den dominerande posisjonen til byområdet i sør er også eit hinder. Truleg er det mest sannsynleg med ei framtidig politisk/administrativ todeling av Vestlandet.

Arbeidsregionar med
meir enn 10.000
arbeidsplassar i
2001



Figur 10. Endring i pendlingsomland (arbeidsregionar) på Vestlandet.

Kjelder

- Amdam, J., E. Leknes (2000): *Framtid for Vestlandet? : scenario for Vestlandet 2000-2020*. Forskningsrapport / Høgskulen i Volda [og] Møreforskning Volda; nr.43 Rapport / Rogalandsforskning. RF; 2000/174
- Amdam, J. (2005): *Utfordringar for Vestlandet*. Arbeidsrapport. Høgskulen og Møreforskning Volda.
- Asheim, B. T. (1996): "Industrial Districts as 'Learning Regions': a Condition for Prosperity." *European Planning Studies*, Vol. 4, No. 4.
- Asheim, B.T. and A. Isaksen (1997): "Location, agglomeration and innovation: Towards regional innovation systems in Norway?" *European Planning Studies*, Vol. 5 No. 3, 299-330.
- Bengs, C. (ed.) (2002): *Facing ESPON*. Nordregio Report 2002:1.
- Engebreetsen, Ø. (2001): *Senterstruktur og servicenæringens lokaliseringmønster – betydning av veibygging og økt mobilitet*. TØI rapport 513/2001. Oslo.
- Gammelsæter, H., O. Bukve og A. Løseth (red.) (2004): *Nord-Vestlandet – liv laga?* Sunnmørspostens forlag. Ålesund.
- Gjelsvik, Martin, Jon Moxnes Steineke, Sigmund Stokka, Jan Erik Karlsen (red.) (2002): *Olje- og gassklyngens relaterte virksomheter*. Rapport RF / Rogalandsforskning ; 2002/001. Stavanger.
- Healey, P., A. Madanapour and C. Magalhaes (1999): "Institutional Capacity-building, Urban Planning and Urban Regeneration Projects." In M. Sotarauta (ed.) *Urban Futures: A Loss of Shadows in the Flowing Spaces?* Futura vol. 18. No. 3/1999. p. 117 - 137.
- Isaksen, A. and O. R. Spilling (1996): *Regionale utvikling og små bedrifter*. Høyskoleforlaget. Oslo.
- Isaksen, A. (1997) (red): *Innovasjoner, næringsutvikling og regionalpolitikk*. Høyskoleforlaget. Kristiansand.
- Isaksen, A. (red.) 1999: *Regionale innovasjonssystemer. Innovasjon og læring i 10 regionale næringsmiljøer*. Rapport R-02 STEP-gruppen. Oslo.
- Juvkam, Dag (2002): *Inndeling i bo- og arbeidsmarkedsregioner*. NIBR-rapport 2002:20. Oslo.
- KRD (2005) Web: <http://odin.dep.no/krd/norsk/tema/distrikts/melding/bn.html>
- Maskell, P. et.al. (1998): *Competitiveness, Localised Learning and Regional Development*. Routledge. London.
- Myklebost, H. og J. Sandal (1977): *Kart over pendlingsomland*. Universitetsforlaget. Oslo.
- Nilsson, J-E. (1998): *Blomstrande näringsliv. Krafter och motkrafter bakom förändringar i europeiska och amerikanska regioner*. IVA. Stockholm.
- NOU 2004: *19 livskraftige distrikter og regioner. Rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk*. KRD. Oslo.
- NOU 2004:2. *Effekter og effektivitet. Effekter av statlig innsats for regional utvikling og distriktspolitiske mål*. KRD.
- Onsager, K. og T. Selstad (2004): *Regioner i utakt*. Tapir akademisk forlag. Trondheim.
- Porter, M. E. 1990: *Competitive Advantages of Nations*. Macmillian. London.
- Rasmussen, T. Fr. (1969): *Byregioner i Norge*. NIBR Rapport nr. 11. Oslo.
- Sandal, Jan (1971): *Potensielle arbeidskraftregioner i Norge*. NIBR Rapport nr. 18. Oslo.
- Selstad, Tor m.fl. (2004): *Regionenes tilstand. 50 indikatorer for vekstkraftige regioner*. ØF-Rapport nr. 07/2004. Lillehammer.
- SSB Web Arbeidsliv 2005: <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken>
- SSB 2005: *Arbeidsmarknadsstatistikk for Vestlandet 1946 til 2001*. Rekneark tilrettelagt av Finn Båtevik, Møreforskning Volda.
- St.meld. nr. 25 (2004-2005): *Om regionalpolitikken*. KRD (2005) Web.

- Storper, M. (1997): *The Regional World. Territorial Development in a Global Economy*. The Guilford Press. New York. London.
- Stöhr W. (ed.) 1990: *Global Challenge and Local Response. Initiatives for Economic Regeneration in Contemporary Europe*. The United Nations University. Mansell. London og New York.
- Törnquist, T. 1997: *Människa, teknik och territorium*. NordREFO. 1997:4. Stockholm.
- Wicken, O. 1997: "Regionenes industrialisering – et historisk perspektiv." In Isaksen, A. 1997 (ed.) s. 80-111.